

Kveite som dekkvekst i attlegg

I våre område er det havre og bygg som er mest brukt som dekkvekst. Det har alltid vore argument for og i mot dekkvekst. Formålet er å ta størst mogleg avling i attleggsåret, men dette kan ha negative konsekvensar for enga sitt vidare liv. Vi skal la dette ligge i denne omgang, men sjå litt på korleis kveite har fungert som dekkvekst på ein gard i Gloppen i 2024, nemleg hjå Per-Kristian Stubberud Eide på Sandane.



Dag-Arne Eide

Seniorrådgjevar

Attlegget var delt opp i to område, kvart på 25 dekar. Dei er kalla «Djupegota» og «Merkje». Det eine området blei sådd 06.05, det andre 13.05. Det blei sådd Strand nr 22; 30 % timotei, 45 % strandsvingel, 10 % fleirårig raigras og 15 % kløver (kvit og raud). Som dekkvekst blei det brukt 4 kg kveite av sorten «Mirakel». Det var tørt i starten, noko som gjorde at spiringa var ujamn.

Planen var at det eine området skulle stå lenger før slått enn det andre, for å synleggjere avlings- og kvalitetsskilnader. Dessverre blei veret slik at begge områda blei hausta om lag ved same utviklingsstadium og veksetid.

Vi følgde med attlegga utover sommaren, og har teke med mange bilde som syner utviklinga utover i sesongen. Nedst i artikkelen finn du fôranalyser og oppsummering.



























Utdrag frå fôranalysar av avlinga frå dei to områda med kveite som dekkvekst i attlegg i 2024. Alt er NIR-analysar. Det er brukt Fôrsil som ensileringsmiddel.

	Merkje Djupegota	
Tørrstoff, %	25,6	31
Råprotein, g/kg ts	118	110
PBV	5	-1
FEm/kg ts	0,79	0,79
Ammoniakk-N, g/kg N	109	120
NDF, fiber, g/kg ts	507	498
INDF, ufordøyeleg fiber, g/kg NDF	260	250
Totalt sukker, g/kg ts	63	98
OMD, fordøyelegheit	67	68
Stivelse, g/kg ts	99	72
pH	4,4	4,4
Mjølkesyre, g/kg ts	50	58
Eddiksyre, g/kg ts	13	11
Propionsyre, g/kg ts	4	5
Smørsyre, g/kg ts	0	2
Såing, dato	12.05	06.05

Slått, dato	13.08	04.08
Døgn frå såing til slått	92	90

Oversyn over areal og avling.

	vekt pr. ball	Tal ballar	Tal ballar pr daa	FEm pr. ball	FEm pr. daa
Djupegota 25 daa 850 kg	69	2,8	208	575	
Merkje 25 daa 873 kg	64	5,6	177	450	

Prøvene frå dei to områda er forholdsvis like, men tørrstoffinnhaldet er ulikt. Noko som har med nedbør rundt slått å gjere. Vi legg merke til det låge proteininnhaldet, det forholdsvis høge fiberinnhaldet og den låge fordøyelegheita. Dette kjem nok av at kornet utgjer ein stor del av avlinga, utan at aksa var utvikla med korn. Høgt fiberinnhald vil vere positivt for feittprosent i mjølk. Ved bruk av korn som dekkvekst er det meir vanleg å hauste kring skyting, dvs. ca. to månader etter såing. Då er det meir å rekne som grønfôr, der verdien av sjølve kornet ikkje er spesielt stor, men verdien ligg mest i total mengde fôr.

Ammoniakk- og syreinnhaldet er noko høgt, men ikkje dramatisk. Gjæringa har vore i sterkaste laget.

Oppsummering/diskusjon

Ved å bruke kveite som dekkvekst på denne måten, låg det eit ynskje om å produsere grovfôr som har same bruksområde som mais. Eit fôr med fiber, sukker og stivelse som høver saman med proteinrikt (og våtare) fôr av gras. Planen var å hauste halvparten endå seinare for å få meir stivelse i avlinga, kanskje bortimot deigmodningsstadiet på kveiten. Vertilhøva framskunda slåttan på Merkje. Difor enda vi opp med same veksttid på begge stadane. Difor liten kvalitetsskilnad.

Etter mjølkemodning av kornet blir fiberdelen stadig mindre fordøyeleg, men sidan kornet utgjer stadig større del av fôret, så skjer det lite endring i fordøyelegheita av det totale fôret ved utsett slått. Ved deigmodning har vi eit struktur- og stivelsesrikt fôr som passar godt saman med tidleg hausta grovfôr. Ved deigmodning har avlinga ein heilt annan kvalitet enn vanleg grovfôr av gras. Fôrverdien ligg først og fremst i innhaldet av stivelse i kornet. For å nå deigmodning måtte nok slåttan ha vore minst eit par veker seinare. Det hadde vore interessant og prøvd kveite som dekkvekst ved endå seinare slått.

Kveite har stivare strå enn bygg og havre, noko som gjorde at vi ikkje fekk særleg legde, trass i at kveitesorten Mirakel ikkje er blant dei med stivast strå.

Etter slåttan fekk vi god gjenvekst av gras, i overkant mykje å la stå inn i vinteren. Det blei beita lett med sau.

Sjå også denne artikkelen: [Grønnfôr eller helgrøde - høstetid for korn | Norsk Landbruksrådgiving](#)